

Norskraft - Bård Moberg

Ofta kraftverk, Lærdal kommune- kulturminnefagleg fråsegn

Vi viser til e-post datert 07.09.2020.

Saka gjeld kulturminneavklaring i samband med Ofta kraftverk i Lærdal kommune. Vilkår for konsesjon gitt av NVE er at § 9 i kulturminnelova vert oppfylt jf. *Post 6: Automatisk fredede kulturminner*.

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i tiltaksområdet. Oftaelva renn i eit djupt dalføre med lågt potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Vi har såleis ikkje avgjerande merknader til planen når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

For ordens skuld ber vi tiltakshavar vere merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar, arealplan

Karoline Hareide Breivik
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
Lærdal kommune Postboks 83